

Kapellet, preste- og samtaltjenesten

Sykehuskapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei!

Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjenesten».



Haraldsplass
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527



www.haraldsplass.no
Søk: Prestetjenesten

Søndagshelsing

9. juli 2023

6. søndag i treeinigstida
Aposteldagen

Tema: Utsendt



Al Jazeera

**Det er ikkje gudstenester i sommar.
Kapellet er ope kvar dag.**

6. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Lukas 5, 1-11

Ein gong stod Jesus nede ved Gennesaretsjøen, og folket trengde seg om han for å høyra Guds ord. 2 Då fekk han sjå to båtar som låg ved stranda. Fiskarane hadde stige ut av dei og heldt på å skylja garna. 3 Jesus steig ut i ein av båtane, den som hørde Simon til, og bad han leggja litt ut frå land. Så sette han seg og underviste folket frå båten.

4 Då han hadde tala ferdig, sa han til Simon: «Legg ut på djupet og set garna, så de kan få fisk.» 5 «Meister», svara Simon, «vi har streva i heile natt og ikkje fått noko. Men på ditt ord vil eg setja garna.» 6 Så gjorde dei det, og då stengde dei slik ei mengd med fisk at garna heldt på å rivna. 7 Dei gav teikn til arbeidslaget i den andre båten at dei skulle koma og ta i med dei. Og då dei kom, fylte dei begge båtane, så det var nære på dei sokk. 8 Då Simon Peter såg det, kasta han seg ned for Jesu føter og sa: «Gå frå meg, Herre! Eg er ein syndig mann.» 9 For både han og alle som var med han, vart fulle av otte og undring over fiskefangsten dei hadde fått. 10 Like eins var det med Jakob og Johannes, sønene til Sebedeus, som fiska saman med Simon. Men Jesus sa til Simon: «Ver ikkje redd! Heretter skal du fanga menneske.» 11 Så rodde dei båtane i land, gjekk frå alt og følgde han.



Collectif Huma

Utsendt *Apostolos (gr) = utsending*

Opplevinga i denne teksten, møte med Jesus og Jesu ord om at fiskarane heretter skulle fange menneske, var ei så skjellsettande oppleving at dei forlet alt og følgde Jesus.

Dette får meg til å tenke på fiskarar rundt Middelhavet i dag, som har hatt så sterke opplevingar at dei også har forlete yrket sitt, og slutta å ete fisk. Men av ein heilt annan grunn... dei har bokstavleg tala gong på gong fått døde menneske i sin fangst. Kvifor? Fordi midt i deira matfat druknar det 6-10 menneske kvar dag, ja sidan 2014 har det i følgje FN drukna 25 000 menneske i Middelhavet. Det medfører så store traumar og så stor skam, at fiskarane rundt Middelhavet ikkje orkar meir.

Eg kjenner og på skam fordi dette skjer. Kva kan vi gjere med dette, vi som i dag vil følgje Jesus? Når Jesus snakkar om å fange menneske, er det i overført tyding. Det handlar om å få medmenneske til å oppdage den gode budskapet Jesus kom med, der ein av grunnpilarane er nestekjærleik. Kor er nestekjærleiken for menneska som flyktar over Middelhavet? Kva kan vi gjere for dei? Kanskje det er lurt å spørje seg: Kva ville Jesus gjort?

Det finnes menneske som engasjerer seg, heldigvis. Vi kjenner f.eks. organisasjonen «Dråpen i havet» som hjelper menneske på flukt, facebook sida «Budbringeren fra helvete» som rapporterer om alt som skjer i Middelhavet og ikkje lar oss gløyme, og Leger uten grenser som patruljerer Middelhavet med sitt norske redningsskip, Geo Barents og stadig reddar flyktningar i havsnød. Nestekjærleik i praksis...

I dag er det aposteldagen, kanskje dette er dagens apostlar?

God søndag!

Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest

